



## Oppdrettsnæringa må bidra meir til fellesskapet!

---

Oppdrettsnæringa vil i framtida få tilgang til store areal både til lands og til vanns. Det skal satsast stort på «den nye olja», som næringa med rette vert kalla. Det ligg mykje verdiskaping i fiskeoppdrett, men det ligg og mange utfordringar i næringa. Den største utfordringa er forsøplinga både til vanns og til lands. Difor må ein stille strenge krav til næringa når det gjeld miljø og bærekraft.

Lusemiddel som vert brukt mot lakselusa og som drep krepsdyr i nærleiken av oppdrettsanlegg må forbys, og volumauke i næringa må settast på vent inntil man har betre kontroll med situasjonen. Primært bør det satsast på lukka anlegg til havs, men der anlegga er landbaserte må ein ta ekstra omsyn til natur og miljø. Visuell forsøpling øydelegg trivnad både for fastbuande og for alle dei som set pris på å ferdast langs kysten. Det er nok av sår i kystlandskapet vårt etter anlegg som ein gong var i drift, men som vart forlatte av økonomiske grunnar etter nokre år.

Eit tiltak for å redusere lokal forureining er at grunnrentebeskatning òg skal gjelde oppdrettsnæringa. I motsetnad til den norske fossekrafta og petroleumsindustrien, som begge betalar skatt, tek oppdrettsnæringa for seg av fellesskapet sine ressursar utan å betale grunnrente tilbake. Det er både rett og rimeleg at kommunane får noe att for areala dei avser til oppdrettsnæringa.

SV sitt forslag om å innføre ei produsentansvarsordning for utstyr brukt i fiskeri-og oppdrettsnæringa fekk ikkje fleirtal på Stortinget. Det betyr ikkje at saka må få kvile! Miljødirektoratet har allereie gjeve saka høg prioritet og har kome med ei fagleg anbefaling når det gjeld avfall frå fiskeri-og oppdrett: Produsentar og importørar bør vere ansvarlege for utstyr og avfall som oppstår etter bruk og forplikte seg til innsamling og gjenvinning av etterlatenskapane.

SV må legge press på regjeringa, som berre seier at dei vil fylgje opp saka. Det er viktig å halde fokus på miljøfaktoren og syte for at produsentansvarsordninga kjem på plass så raskt som mogleg.